Det er så yndigt at følges ad

23.03.2011

Sussi Brodin syng på Rød - sundag syng ho i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag kveld er det ny salmekveld i kyrkja og denne gongen skal vi minnast ein mann som verkeleg sette spor etter seg både i Danmark og Noreg.
Han skreiv mellom anna den vakre songen Det er så yndigt at følges ad.
Den er ein av fem songar eller salmar som Sussi Brodin frå Jylland og København skal framføra.
Og mannen er Nikolai Frederik Severin Grundtvig (1783-1872)

Sussi skal ellers framføra Moders navn, Jeg gik mig du en sommerdag at høre,
Nu falmer skoven og Velkommen i den grønne lund.
Ho vil leggjja særleg
vekt på Grundtvig og den danske folkesjela og kor viktig han har vore
for dansk kyrkje- og kulturliv.

Reidar Algerøy sit ved orgelet og det er høve til å melda inn ynskje om salmar ein gjerne vil syngja. Den innmeldinga kan skje både no føreåt eller på sundagskvelden, opplysar Kristian Olav Bringedal, som står bak kvelden. Han vil binda programmet saman og også snakka om Grundtvig som folkehøgskulen sin far.

Som ein forstår blir dette meir enn ein konsert - det blir eit heilt seminar om Grundtvig. Og det fortener han. Også i den norske salmeboka har han ein stor plass - faktisk er det der 36 salmar som han har skrive med Påskemorgen slukker sorgen som den mest brukte.

Grundtvig var prest, men han var og så mykje meir: Forfattar, salmediktar, historikar, folkeopplysar og politikar. Han vart ein av dei viktigste personar i Danmark si historie og betydde mykje for utviklinga av dansk identitet og nasjonalfølelse.

I Noreg var han mest kjent som folkehøgskulens far. Ideen hans var å lage ein skule for livet, Den nye skulen skulle ikkje påtvinga folk flest dei leiande klassers kultur og synspunkter.

I dag er det 80 folkehøgskuler både i Noreg og Danmark.

Av Ola Matti Mathisen